

Den norske kyrkja



Jondal sokneråd

## Referat frå soknerådsmøte nr 01/2025

**Dato/tid:** torsdag 30.januar 2025, kl. 19

**Stad:** Jondal kyrkjelydskontor

Tilstades: Trygve B Myrliid, Sveinung Toreid, Maria E Sørheim, Ingebjørg P Grøtt, Eli G Torsnes

Forfall : Ida Sofie Holmen

Vara: Rannveig Hammer

Frå staben: Arne Opsahl-Engen og Anne Karin Stormyr (fram til kl 20)

### Saksliste

<b>01/2025</b>	<b>Godkjenning av sakliste og innkalling.</b> Saklista og innkalling vart godkjent.
<b>02/2025</b>	<b>Godkjenning av referat frå soknerådsmøte nr. 06/2024</b> Referatet vart godkjent
<b>03/2025</b>	<b>Orientering ved prost Arild Hellesøy i høve bispevisitas i mars .</b> Prosten melde forfall til møtet. Arne gjekk gjennom programmet for bispevisitasen i Ullensvang slik det er per i dag. Det vil verta nokre endringar før programmet er endeleg. På neste soknerådsmøte vil det bli gjennomgang av kva oppgåver Jondal sokneråd får i høve visitasgudstenesta 23.mars 2025.
<b>04/2025</b>	<b>Gjennomgang av “Rapport til visitas frå Jondal sokn” v/Arne O Engen</b> Rapporten vart gjennomgått og det kom nokre innspel som vil verta tatt med i endeleg versjon.
<b>05/2025</b>	<b>Orienteringssaker</b> – Trygve presenterte statistikken for Jondal sokn 2024. Den er ikkje korrekt og dette skal rettast opp i. Kantor Anne Karin Stormyr har gått inn i ei 15% stilling som trusopplærer i Jondal sokn.

<b>06/2025</b>	<p><b>Eventuelt-</b></p> <p>Det kom fram ynske om å få sett opp ein “trafikkspegel” ved krysset frå kyrkjelydshuset mot “Elvastien”. Slik det er i dag er dette eit uoversikteleg kryss og det har vore “nære på” fleire gongar.</p> <p>Vegen mellom kyrkja og kyrkjelydshuset manglar lys. Det er ynskjeleg å skaffa nokre enkle lys (“solcellepanel”) som vert sett ned i blomebedet ned brekka mot kyrkjelydshuset .</p> <p>Universell utforming rundt kyrkja- Grusen rundt Jondal kyrkje er noko grov. Dette gjer det vanskeleg/ tungt å koma seg rundt kyrkja om ein nyttar rullator eller rullestol. Det er ynskjeleg å få lagt betre til rette for desse brukarane.</p> <p>Sakene som kom opp under eventuelt vil verta tatt med til Fellesrådet.</p> <p>Årsmøte i Jondal sokn vert sundag 9.mars etter gudstenesta den dagen.</p> <p>Neste soknerådsmøte vert torsdag 20.februar kl 19.</p> <p>Møtet vart heva kl 21.15.</p>
----------------	--

Torsnes 31.januar 2025  
Eli Galtung Torsnes

Skrivar